



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Protokoll frå møte i Bore sokneråd Tysdag 27. august 2019

Møtestad: Bore kyrkjekontor

Frå saksnummer: 50/19

Til saksnummer: 57/19

Av soknerådet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:

Nicolai Homme (leiar)

Arvid Kaspersen (nestleiar)

Kjersti M. Berge

Hans Voll

Dagfinn Steinnes (varamedlem)

Borghild Friestad (varamedlem)

Ivan Fjeld, sokneprest

Andre:

Elin Anita Garpestad, dagleg leiar

Meldt forfall:

Jens Kåre og Marit Høie (permisjon)

**Me stadfestar med underskriftene våre at det som er ført i
protokollen er i samsvar med det som vart vedteke på møte.**

**Me starta soknerådsmøtet med å nytte god tid til
mat, opning og bøn.**

Innkalling til møte i Bore sokneråd 27. august vart godkjend.

Protokoll frå møte i Bore Sokneråd 11.juni vart godkjend.

SAK 50/19**Samtale om arbeidet****Drøfting**

Weekendkomitéen er godt i gang med planleggjing. Det blir ein litt anna vri på møtedelen denne gong, med stor involvering frå deltakarane.

Gerny Slettebø blir vår representant til arrangementet «Solide samliv».

Forbønnstenesta i Bore er rikt samansett av gode folk. Dette er informert om på heimesida. I tillegg kan det også lagast «arrangement» på FB. Det bør også jamnleg minnast om høve til å leggja lappar i bønnekassa. Desse blir bedt for på søndagskveldane. Me må ikkje «underbruka» Guds kraft og må oppmoda fleire til å bruka alle høve for forbøn. Til dømes kan ein også leggja inn ei forbønnshandling i enkelte gudstenester, i tillegg til tilbodet i G2-gudstenestene..

Forslag til vedtak

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Vedtak

Soknerådet tek planane for weekenden til orientering.

Soknerådet er svært tilfreds med at Bore er representert av Gerny Slettebø Voll i komitéen for «Solide samliv».

Det blir sett fokus på det rike bønнемangfaldet framover. Dette vil gi seg ulike utslag, mellom anna tilbod om forbønn for menneske i gudstenestene eller ved bønnelappar som blir løfta fram i lag som menighet. Forbønsstenesta blir utfordra til å formulera forslag til bønner som kan takast inn i kyrkjebønna i gudstenestene framover.

SAK 51/19**Informasjon frå og til fellesrådet****Drøfting**

I flg. referatet frå fellesrådet, vil det bli eit forsøk med eit diakoniprojekt i lag med kommunen for eit fag i ungdomsskulen. Der vil ungdom kunne arbeida målretta mot eldre i kommunen.

Forslag til vedtak

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Vedtak

Soknerådet tek saka til orientering.

SAK 52/19 Atea kjem – bilete i kyrkja

- Drøfting** Det oppstod problem med levering av rett skjerm.
- Forslag til vedtak** Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.
- Vedtak** Saka vart utsett til neste møte.

SAK 53/19 Besøk av Roy Godwin

- Drøfting** Dette vil bli eit arrangement der me i Bore arrangerer i lag med Roy og hans medhjelparar, inkludert musikarar. Tverangers stiller på dette. Det er viktig med god lydteknikk. Dette blir eit stort arrangement og me må delta på ulikt vis. Nicolai tek kontakt med Håvard Sand for å få ei oversikt over innhaldet i kvelden.
- Forslag til vedtak** Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.
- Vedtak** Soknet vil vera medarrangør ved besøket av Roy Godwin og vil bidra med ulike oppgåver.

SAK 54/19 Evaluering Jærgårds

- Drøfting** God involvering frå Bore – både stands, Tverangers og nattverd. Var litt uheldig at tidsramma ikkje vart holdt. Vanskeleg å sjå den store nytteverdien av «kyrkjestanden»
- Forslag til vedtak** Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.
- Vedtak** Det var eit flott arrangement. Evaluering bør skje med alle involverte deltakarar. Nicolai representerer Bore sokn og kontaktar Haraldseid for møte.

SAK 55/19 Rekneskapsrapport pr. 1. juli

- Drøfting**
- Forslag til vedtak** Soknerådet tek rekneskapsrapport pr. 1. juli til orientering.
- Vedtak** Soknerådet tek rekneskapsrapport pr. 1. juli til orientering og vil oppmoda til auka gjevarteneste. Soknerådet ønskjer å visa fram trusopplæringstiltaka i ei gudsteneste slik som gjort tidlegare.

SAK 56/19**Soknerådsvalet 2019****Drøfting****Forslag til vedtak**

Soknerådet tek saka til orientering.

Vedtak

Soknerådet tek saka til orientering.

SAK 57/19**ORIENTERINGSSAKER****Drøfting**

Orienteringssakene blei lagt fram.

Forslag til vedtak**Vedtak**

Soknerådet tar saka til orientering

Det vil bli ei forbønnshandling for dei nytilsette organistane i gudstenesta 1. september, utført av Ivan og Nicolai.